




Statens vegvesen

Reguleringsplan

E16 Varpe bru - Smedalsosen

AnslagEksempel



Kostnadsoverslag etter Anslagmetoden.

Kontrollnivå: Revidert etter Vegdirektoratets vurdering

9. juli 2012

EKSEMPEL:

Stort prosjekt, formelt anslag, omfattende gruppeprosess

Dette eksempelet er basert på den reelle anslagprosessen for prosjektet E16 Varpe bru - Smedalsosen. Til dette føremålet er tekst justert litt og dermed fjerna litt frå verkelegheita i prosjektet. Eksempelet må difor ikkje forvekslast med prosjektet sin verkelege anslagrapport.

Eksempelet er eit godt anslag, men har likevel nokre svakheiter som er kommentert på i dette dokumentet for erfaringsoverføring.

Kontrollnivå: Revidert etter Vegdirektoratets vurdering**Revisjonsdato:** (Ikke revidert)**Rapportdato:** 9. juli 2012**Fylke:** Sogn og Fjordane og Oppland**Kommuner:** Lærdal og Vang i Valdres**Vegnr.:** E16**Meter, fra – til:** 0,00 – 19 285,00**Vegnavn:** E16 Øye - Borlaug**Sted, fra – til:** Varpe bru – Smedalsosen**Plannivå:** Reguleringsplan**Prosjektleder:** Odd Oddsén**Prosessleder:** Bente Benterud**Godkjennelser**

	Dato	Signatur
<i>Prosessleder</i>		
<i>Prosjektleder</i>		
<i>Avdelingsdirektør</i>		
<i>Regionvegsjef</i>		

Forord

E16 er ein stamveg mellom aust - og vestlandet. Vegen har den beste regulariteten av fjellovergangane, med færrest stengde timar/døgn pr vinter. Målet med utbygginga er at E16 over Filefjell skal få stamvegstandard. Dette skal bli ei effektiv og vintersikker transportåre mellom aust - og vestlandet med god og forutsigbar framkomst heile året

I tråd med NTP skal veggen frå Borlaug til Øye byggast fortløpande. Strekninga frå Varpe bru til Nystuen er ca 2 mil av denne strekninga. Det inkluderer ca 5,7 km lang tunnel.

Strekninga Varpe bru - Smedalsosen ligg delvis i Lærdal kommune i Sogn og Fjordane og delvis i Vang kommune i Oppland. Det meste av av veggen er oppe på høgfjellet med sårbar natur og vintertilhøve som gjer det vanskelig å drive vegbygging.

Revisjonar:

- Planleggingnotat 17.2-2012
- Prosjektets anslag 27.4-2012
- Ivaretatt merknadar i regional kostnadsgruppe 7.6-2012. Reguleringsplan Varpe bru - Nystuen godkjent. Ikkje tatt omsyn til krav om breidde på undergang ved Tyinkrysset då det ikkje er gjennomførbart.
- Etter handsaming i VD er ÅDT endra. Posten C2 er splitta opp og det er tatt omsyn til rundskriv om tjukkare overbygning. Det er gjort nye vurderingar av spredning på rigg og vegpostane.

Mars 2013:

Anslaget er i etterkant bearbeida og gjort om til eit eksempel. I utgangspunktet vart dette anslaget valt fordi det er gjennomført på ein god måte. Det betyr ikkje at det er perfekt, men gjev godt høve til å trekkje lærdom til seinere anslag. Sterke og svake sider er kommentert.

Innholdsfortegnelse

1	Prosjektinformasjon	6
1.1	Prosjektbeskrivelse	6
1.2	Prosjektavgrensninger	10
1.3	Hovedmengder	11
1.4	Prosjekthistorikk.....	11
1.5	Oversiktskart.....	12
1.6	Eksisterende planmateriale.....	13
2	Anslagprosessen	14
2.1	Metode og gjennomføring	14
2.2	Tidsplan Anslag	14
2.3	Program/dagsorden	15
2.3.1	Onsdag.....	15
2.3.2	Torsdag	16
2.3.3	Fredag.....	16
2.4	Befaring	17
2.5	Målsetting	17
2.6	Anslag-deltakere	17
2.7	Referanseprosjekter.....	17
2.8	Underlagsmateriale.....	18
3	Prosjektgjennomgang	20
3.1	Forutsetninger.....	20
3.2	Grensesnittbetraktninger.....	20
3.3	Ambisjonsnivå.....	21
3.4	Kompleksitetsfaktorer	21
3.5	Situasjonskart	22
3.6	Modenhetsvurdering	23

3.7	I / Y påvirkninger	24
3.8	Vurdere usikkerhet.....	26
4	Kalkulasjon	28
4.1	Kalkylestruktur	28
4.2	Kalkyletabell.....	29
5	Resultat	31
5.1	Kalkyleresultat	31
5.2	S-kurve	32
5.3	Usikkerhetsprofilen	33
5.4	Tiltaksvurdering	33
5.5	Kuttliste	34
5.6	Samvariasjon	34
5.7	Prosesslederens kommentarer	35
5.8	Konklusjon	35
6	Bilag.....	36
6.1	Kalkyleposter	36

Grundig og god skildring av prosjektet og bakgrunnen er viktig. Likevel er det ikkje naudsynt å ha for mykje tekst i anslagrapporten. Om det finst ein god tekst i eit anna tilgjengeleg dokument kan mengda reduserast her.

1 Prosjektinformasjon

1.1 Prosjektbeskrivelse

E16 skal byggast om til stamveg-standard, klasse S2. Den er dimensjonert til fartsgrense 80 km/t. Vegen over Filefjell skal byggast slik at vedlikehald og framkomst på vegen vert betre og slik at stengingar pga havari av bilar vert minst mogeleg. E16 frå Varpe bru til forbi Tyinkrysset skal byggast med jamn stigning for å lette framkomst for tunge køyretøy på vinteren.

ÅDT på vegen er 20 år etter at ny veg er opna (2037) og vert anslått til:

- E16 frå Varpe bru til Tyinkrysset, ÅDT ca 2400, med ca 19% tunge køyretøy
- E16 over Filefjell Nystuen, ÅDT ca 1500, med ca 19% tunge køyretøy
- Fv53 til Årdal, ÅDT ca 800 med ca 15% tunge køyretøy

Det skal transporterast ca 1,3 mill m³ stein knytt til dette anlegget. Noko over kortare avstandar, men mykje med tildels lang transport. Mellombels lagring av massar og konflikt med avvikling av vanleg trafikk på E16 må påreknast. Ny veg er stort sett i same trase som eksisterande veg.

Av omsyn til det sårbare fjellområdet og at veganlegget er høgt til fjells, er her lite riggområder. Tilgjengeleg areal er stort sett langs eksisterande og ny veg. Stadvis er areal til ny veg svært breitt pga heving av vegen og dei slake sideareala. Parkeringsplassar kan også nyttast til riggområde.

Hovedlinje fiber mellom austlandet og vestlandet går delvis langs eksisterande E16 i luftlinje eller i kabel. Den må stadvis leggest om pga ny E16.

Spesielle utfordringar knytte til å bygge vegen, oppe på høgfjellet, frå Smedalsosen til Nystuen

Tilhøva på fjellet om vinteren kan føre til stopp i anleggsarbeidet. Det kan bli behov for mellomlagring av masser.

For å betre siktilhøva ved dårleg vintervær skal vegen hevast og sideareal skal vere slake, det skal vere breie grøfter og stadvis fresefelt. Dette gir delvis store fyllingar og spesielle sprengingsprofil, sjå F-teikningar i planheftet til Oppland grense-Brusestølen.

Det skal leggest minimum 50 cm lausmasse oppå utsprengde fjellskjeringar, sjå F-teikningar. Dette er for å sikre gode tilhøve for tilbakeføring av vegetasjon.

Det skal gjennomførast tiltak for å få naturleg revegetreing av dei stadeigne massene oppe på fjellet. Toppmassar med frøbank og undergrunnsjord vert lagra i separate rankar i god avstand frå areal der anleggsmaskinene køyrer, da desse massane ikkje toler

komprimering. Etter at vegfyllingar og skjeringar er ferdig bygt vert desse massane ført tilbake som topplag. Naturleg revegetering vil dermed skje over tid (2-5 år).

For å betre siktilhøva ved dårleg vintervær skal all vegetasjon høgare enn 0,5 meter, i eit 20-meters belte langs vegen fjernast.

For å betre vedlikehaldstilhøva om vinteren skal alle parallelle lokalveggar og parkeringsplassar ligge minst 20 meter frå vegkant til offentleg veg.

Kort skildring av strekninga Smedalsosen til fylkesgrensa:

Ny E16 er stort sett plassert inn og opp i terrenget i høve til eksisterande veg, langs Øvre og Nedre Smedalsvatn for å redusere inngrep i vatna. Det skal rivast 1 hytte og eit båthus på denne strekninga. Det skal gjennomførast avkøyrlesanering slik at det må byggast omfattande system av lokalveggar. Det er regulert inn nye parkeringsplassar for å erstatte parkering langs E16. Det er ikkje avklara om desse skal byggast som del av E16-prosjektet. To parkeringsplassar vert flytta lenger vekk frå E16. Desse skal byggast.

Det skal byggast ein 15 meter lang kulvert over Løkenelva. Det skal vurderast spesielt rekkverk for å redusere snøfokk.

Fyllingane i vatna treng ikkje masseutskifting, men det skal nyttast duk for å hindre spreieing av finstoff i vatnet.

Skiløypa TV oppe i terrenget over E16 langs Nedre Smedalsvatn er i tråd med reguleringsplan for ei slik skiløype og etter synfaring med kommune og interessentar. Det er ei skiløype TV1/TV2 som kryssar under E16 ved Buhaugane. Desse løypene skal ikkje byggast som del av E16-prosjektet.

Frå Øvre Smedalsvatn til fylkesgrensa er vegen plasser i høve til hyttene, ein gammal veg og slik at det ikkje vert inngrep ut i elva. Den ligg stort sett høgare i terrenget enn eksisterande veg, på fyllingar. Det er det tettare med hytter, men dei fleste ligg framleis med god avstand frå ny E16. Det er gjennomført støyberekningar, men dei er usikre. Det kan påreknast tiltak for å redusere støy utvendig for inntil 16 fritidseigedomar.

Ein veg frå 1840 går parallelt med E16 og er regulert som lokalveg til fritidseigedomar og utmark. Det er stilt krav frå kulturmyndighetene om korleis denne skal opparbeidast til køyrbar veg, inkludert naturleg elvesand. Det må påreknast noko tiltak på denne vegen.

Det er fleire fornminne mellom Smedalsosen og fylkesgrensa, som skal gravast ut. Dette er mest kolgroper.

Kort skildring av strekninga Fylkesgrensa - Nystuen, plangrense profil 20050.

E16 er lagt høgare enn eksisterande veg og slik at den ikkje ligg i skjæring da dette gir betre vintertilhøve for drifting og trafikkering av vegen. Det er fresefelt frå fylkesgrensa til Grøna, langs nordsida av vegen.

Ved Grøna skal det være mellombels veg med bayleybru medan eksisterande veg vert rive og ny bru vert bygt, sjå teikning K1.

Den gamle fylkessteinen ved Fylkesgrensa skal flyttast.

Alle lokalveggar på planen skal byggast unnateke tilkomst til parkeringsplassen PP1.

Det er nærføring til restar av ei gammel bru ved Grøna. Veganlegget kjem nær det verneverdige området ved Kyrkjestølen og deler av Kongevegen. Desse må sikrast mot inngrep.

Det må påreknast masseutskifting av myr, som er av varierende tjukkelse. Grunnboringar viser frå 0,2 meter til 2 meter.

Det må påreknast kostander med støytiltak for å redusere utvendig støy på fritidseigedomar. Av omsyn til verneverdien ved Kyrkjestølen kan tiltaka der bli kompliserte.

Kort skildring av strekninga Nystuen - tunnel

Vegen ligg stort sett på fylling, med breie grøfter. Før tunnelen er det ein strekning med fresefelt og 15 meter brei grøft. Dette skal redusere fare for drivsnø ved tunnelmunninga. I skjeringa før tunnelen er fjellet sprengt ut og trappa av.

Det skal gravast ut to lokalitetar med fornminne.

I forslag til reguleringsplan er det eit riggområde langs sørsida av E16. Grunneigar er i mot dette da ho ynskjer å bevare mest mogeleg av dette arealet urørt. Vi tilrår å redusere området slik at det meste av skogen vert teken vare på. Dersom heile riggområdet vert teken ut av planen, vil vi arbeide med alternative løysingar ved parkeringsplassen ved Kyrkjestølen. Utan riggområde må all sprengstein transporterast raskt ut av området.

Lokalvegen inkludert parkering skal byggast som ny tilkopling til eksisterande veg.

Det skal byggast busslommer med fortau ved E16.

Det skal vere gatelys frå tunnelen til forbi krysset/busslomme.

Ein gammel gjenfunnen vegstubb krysset veganlegget. Det skal søkast tiltak som vernar mest mogeleg av denne vegstubben.

Det må påreknast masseutskifting av myr, som er av varierende tjukkelse. Grunnboringar viser frå 0,5 meter til 2 meter, der det er bora.

Kort skildring av tunnelen

Tunnelen er 5705 meter lang, ekskludert portalar. Tunnelklasse B, profil T9,5. Det skal vere 2 snulommer i tunnelen og 9 havarilommer.

Geologisk rapport seier at alternativet kan gjennomførast. Det vil sannsynlegvis oppstå lekkasje i dagfjellsona ved på hogga og ved sprekke- og svakhetssoner. Tilleggsinjeksjon kan bli naudsynt under myra ved Nystuen. Ca 400 meter frå påhogg ved Nystuen vert tilrådd plassert i klasse 3, medan resten av tunnelen er i klasse 2.

Det er anslått ca 20 meter lang portal vest for tunnel.

Kort skildring av strekninga frå tunnel til Varpe bru

Eit viktig mål med E16 på denne strekninga er å redusere stigning på vegen slik at tunge køyretøy lettare kjem seg fram på glatt vinterføre. Frå tunnel til Varpe bru ligg ny veg difor høgare enn eksisterande veg. På det høgaste er skilnaden opptil 6 meter. For å redusere inntrykket av den høge vegen er det planlagt slake skråningar. Det og at E16 inkludert to kanaliserte kryss, vert breiare enn dagens veg, gir eit heilt anna inntrykk og arealbehov for

vegen enn eksisterande veg.

Det er anslått ca 10 meter lang portal.

Tunnelen kjem ut ved Tyinkrysset, nær ei elv og går i skjering gjennom 3 fritidseigedomar. Inngrep mot elva skal søkast å verte minst mogeleg. Det kan kreve forsiktig sprenging. Det skal vere fresefelt langs nordsida av E16.

E16 kryssar deretter elva Bjordøla og ein dam før den kjem inn på eksisterande E16. Brua vert 21 meter, sjå teikning K-101. Det skal vere ein sti under brua. Det krevs ein del muring for å få dette til. Inngrep som fører til tilslamming i elva kan kun gjennomførast i perioden 15.juni til 15.september. Geoteknisk rapport tilrår at brua på austsida vert forankra i massar 3 meter under terreng, eller i fjell 5 meter under terreng. På vestsida bør den forankrast i fjell 2 meter under terreng.

Tilkomst til tunnel og til å bygge bru må skje via bayleybru.

Nytt kryss til Fv53 som går til Årdal, er lagt i minimums-avstand frå tunnelen, og krev innløyning av ein fritidseigedom. Krysset er full-kanalisert. Eit skur som står mellom vegane skal rivast. Ny vegtilkopling fører til at ein gangveg i området må leggest om og området på sørsida av ny Fv53 må leggest noko om.

Dei lokale næringsinteressene og Vang kommune ynskjer busshaldplass i området. Busselskapa melder at dei treng plass til tre bussar samtidig, at busshaldeplassen skal utformast i tråd med krava og at areal til buss skal være offentleg veggrunn. Det ligg føre tre alternativ. Busshaldeplass skal byggast samtidig som E16 vert bygt. Den skal også inkludere busstur og parkering til 5 bilar.

Vidare går E16 på tildels høg fylling til Kola bru. Nytt kryss er plassert i minimumsavstand frå krysset til Fv53 og inkluderer lokalveg til nordsida av E16, gjennom kulvert under E16. Kulvert er vist på teikning K-201. Det krevs også noko muring for å bygge denne kryssinga. Lokalvegen erstattar avkøyrslar til E16. Det ligg ein bensintank i grunnen rett på nordsida av E16. Dersom oppgitt plassering stemmer kan veganlegget byggast utan konflikt med denne. Det kryssar ein høgspent luftlinje over E16 rett vest for dette krysset. Den må leggest om.

Av omsyn til Vang kommune sine planar for området på nordsida av dette krysset, og av omsyn til eksisterande rensbasseng, er vegen lagt i bue gjennom krysset. Vang kommune planlegg nytt rensanlegg, men framdrift er usikkert slik at vi føreset eksisterande situasjon. Av omsyn til anlegget er det ein høg mur langs området.

Retten aust for krysset er det ein undergang for mulig framtidig skiløype som skal krysse under E16, sjå teikning K-301. Denne skal ikkje kostast av PROsjekt E16, men skal byggast som del av prosjektet dersom kommunen eller andre finansierer denne. Eventuelt vert det vanleg vegfylling her. Tilkomst til eigedomane i dette området skal byggast.

Eksisterande Kola bru skal rivast. Det må byggast midlertidig veg inkludert baileybru medan den vert riven og ny bru vert bygt. Anleggsvegen tek ein fjellknaus som vernar ein fritidseigedom mot støy og innsyn. Om mulig skal den ikkje skadast mot hytta, eventuelt skal det byggast voll. Ny Kola bru, sjå teikning K-104.

Vidare frå Kola bru før ny veg eksisterande veg, med noko fylling utanfor vegen og noko heving av vegen. Rett aust for Kola bru er det ei bru for framtidig skiløype over E16, sjå teikning K-105. Denne vert ikkje bygd no utan at den vert finansiert eksterne midlar.

Rett aust for bru over E16 ynskjer kommunen ein ny veg ned til framtidig sentrumsområde. Tilkomst til E16 er med i planen. Avkøyrsløse til området er lagt i same punkt. Det er kun vanleg avkøyrsløse som skal byggast og vegfylling som planlagt slik at framtidig veg kan kolpast til, kun ved å flytte ut rekkverket.

Skiløyper som kryssar i plan og akøyrsløse til parkeringsplass og skogsveg skal byggast.

Det er ein liten mur mellom E16 og Kongevegen for å unngå inngrep i Kongevegen.

Langs Fløkstrønfjorden er det lagt inn 500 meter langt kolonnefelt med to filer og rabatt mot E16. Det er ein snuplass i den vestlege enden og plass til kvilebu/toalettbygg. E16 er flytta inn i terrenget langs kolonnefeltet.

Alle fritidseigedomane i området frå Kola bru til Varpe bru har ikkje godkjende avkøyrsløser. Det er planlagt felles avkøyrsløser så langt råd er. Alle avkøyrsløser inkludert parkeringsplassar vert truleg bygt som del av Prosjekt E16.

Grunneigarar har informert om at lausmassene i skjering er ustabile. Det må påreknast mindre tiltak for å sikre stabilitet i skjeringar. Geotekniske rapport tilrår fjerning av massar.

Bekken i området går gjennom E16 i eit rør. Det er ikkje problem med denne løysinga.

Høgspent krysset E16.

Frå kolonnefeltet til Varpe bru går vegen delvis i skjering og delvis på fylling. Deler av fyllingane er store. Det er mur i botnen av den største fyllinga for å unngå konflikt med Kongevegen.

Kongevegen går parallelt med og delvis nær E16 frå rett aust for Kola bru til Varpe bru. Det må sikrast at det ikkje vert skade på denne. Eit gammalt milemerke står i vegskråninga over E16. Denne skal sideflyttast der den står. Venganlegget er i konflikt med 6 automatisk freda fornminne.

Det må påreknast kostander med støytiltak for å redusere utvendig støy på fritidseigedomar og for å redusere innvendig støy på 3 bustader. Av omsyn til verneverdien ved Kyrkjestølen kan tiltaka der bli kompliserte.

1.2 Prosjektavgrensninger

Det er 3 reguleringsplanar på strekninga. Frå Smedalsosen - Oppland grense er reguleringsplanen "Brusestølen- Oppland grense" og første strekninga inn i Oppland er "Nystuen-Sogn og Fjordane grense". Desse reguleringsplanane er vedtekne.

Reguleringsplanen "Varpe bru-Nystuen" har hatt offentleg høyring. Planen vert handsama i Vang kommune i mai 2012. Det er ca 700 meter overlapping mellom reguleringsplanane i Oppland.

1.3 Hovedmengder

Element	Mengde	Enhet
Veg	13 580	m
Smedalsosen - fylkesgrensa	6 520	m
Fylkesgrensa - Nystuen	2 730	m
Nystuen	750	m
Tyinkrysset - Varpe bru	3 580	m
Lokalveger	5 900	m
1 felts	4 500	m
2 felts	1 400	m
Tunnel	5 705	m
Nystuen - Tyinkrysset	5 705	m
Portalar	30	m
Portal Nystuen - Tyinkrysset	20	m
Portal Tyinkrysset - Varpe bru	10	m
Bruer	5	stk
Bru Smedalsosen - fylkesgrensa	1	stk
Bru Fylkesgrensa - Nystuen	1	stk
Bruer Tyinkrysset - Varpe bru	3	stk
Kulvertar	1	stk
Tyinkrysset - Varpe bru	1	stk
Riving av bygningar	14	stk
Massetransport	1 300 00	m3
	0	

1.4 Prosjekthistorikk

Det vart gjennomført konsekvensutgreiingar for E16 frå Borlaug i Lærdal til Øye i Vang. Desse var delte i to strekningar:

- Frå Borlaug til fylkesgrensa gjennom Lærdal kommune
- Frå fylkesgrensa til Øye i Vang kommune

Statens vegvesen gjennomførde sjølv konsekvensutgreiingane

Parallelt med konsekvensutgreiinga gjennomførde Lærdal kommune arbeidet med kommunedelplan for Filefjell og Vang kommune gjennomførde kommunedelplan for Tyinkrysset. Trase for E16 på desse strekningane vart vedtekne gjennom handsaming av kommunedelplanane. Frå fylkesgrensa til austlege enden av Otrøvatnet vart det ikkje laga kommunedelplan. Trase for E16 på denne strekinga vart valt gjennom at Vang kommune vedtok konsekvensutgreiinga.

Det meste av E16 frå Smedalsosen i Lærdal kommune til Varpe bru i Vang kommune vart vedteken utbetra langs eksisterande E16. Unntaket var tunnel frå Tyinkrysset til den austlege enden av Otrøvatnet.

Reguleringsplan for E16 frå Smedalsosen til fylkesgrensa er vedteken i Lærdal kommune.

Reguleringsplanen for E16 frå fylkesgrensa til Nystuen er vedteken og ferdig handsama.

Undervegs i arbeidet med reguleringsplan frå Nystuen til Varpe bru vart det avdekka at rasfaren langs Otrøvatnet var for stor til at E16 kan gå der. Etter ein del vurderingar av ulike løysingar vart det konkludert med at tunnelen frå Tyinkrysset måtte gå forbi Otrøvatnet.

Reguleringsplanen frå Nystuen til Varpe bru er vedteken i Vang kommune. Det er komen inn ein klage på ei avkøyrsløse. Denne er til vurdering.

1.5 Oversiktskart



Oversikt over prosjektet er veldig viktig for prosessen og vurderingane. Eit godt kart er obligatorisk. Dette kartet er fint for eit oversyn, men det må vere meir detaljerte kart tilgjengeleg for prosessen i anslagsamlinga, gjerne i storformat som gjer det lett å peike og forklare.

1.6 Eksisterende planmateriale

Dokumentnavn	Dato	Beskrivelse
Kvalitetskrav landskapsbilete	30.06.2011	Kvalitetskrav landskapsbilete
Reguleringsplan Oppland gr. - Brusestølen	30.06.2011	Reguleringsplan Oppland gr. - Brusestølen
Notat Los Angeles resultat bergartsprøver	16.09.2010	Notat Los Angeles resultat bergartsprøver
ROS-analyse	desember 2010	ROS-analyse
TS-revisjon av framlegg til reguleringsplan	november 2010	TS-revisjon av framlegg til reguleringsplan
Reguleringsplan Nystuen - Sogn grense	29.03.2012	Reguleringsplan Nystuen - Sogn grense
geoteknisk rapport fylkesgrensa - Nystuen	09.11.2010	geoteknisk rapport fylkesgrensa - Nystuen
ROS-analyse	15.12.2010	ROS-analyse
Støyrapport fylkesgrensa - Nystuen	09.02.2011	Støyrapport fylkesgrensa - Nystuen
Reguleringsplan Varpe bru - Nystuen	15.02.2012	Reguleringsplan Varpe bru - Nystuen
Notat Bjørdalselvi	13.07.2011	Notat om flaumberegningar i Bjørdalselvi
Rapport Bjørdalselvi	2011	Rapport om flaumlinjeberegning i Bjørdalselvi
Notat skredfare vest for tunnel	18.10.2011	Notat med vurdering av skredfare vest for tunnel
Geologisk rapport for tunnel	25.01.2012	Geologisk rapport for tunnel
Notat skred og skredfare vestre påhogg	25.08.2011	Vurdering av skredfare og skredsikring ved vestre påhogg
Seismisk rapport	05.09.2011	Seismisk rapport
ROS-analyse	21.12.2011	ROS-analyse vedlagt risikomatriser
Støyrapport Varpe bru - Nystuen	03.01.2012	Støyrapport Varpe bru - Nystuen
Geoteknisk rapport Smedalsosen - Oppland grense	20.12.2010	Geoteknisk rapport Smedalsosen - Oppland grense
Førebels geoteknisk rapport Varpe bru - Nystuen	mars 2012	Førebels geoteknisk rapport Varpe bru - Nystuen
Eigedomskostnadar Varpe bru - Nystuen.xlsx	11.04.2012	Estimat på eigedomskostnadar Varpe bru - Nystuen

Oversikt over det planmaterialet som er laga for prosjektet må haldast oppdatert. Beskrivelse som er identisk med dokumentnamn gjev ikkje meining som tilleggsinformasjon.

2.3 Program/dagsorden

2.3.1 Onsdag

Sted	Filefjell/Maristova	Tid	10:00 - 20:00
Dato	29. mars 2012		

Dagsorden	Ansvarlig	Tid	Varighet
1. Informasjon	Prosjektleder	10:00	
Orientering om prosjektet			65
2. Lunsj		11:05	40
3. Synfaring		11:45	90
4. Prosjektgjennomgang	Prosessleder	13:15	
Brainstorming usikkerhetsfaktorar			15
Ambisjonsnivå			10
Kompleksitetsfaktorar			10
Situasjonskart			15
Modenhetsvurdering			15
Grensesnittbetragtningar			15
Føresetnadar			15
Pause		14:50	10
5. Kalkulasjon		15:00	
Tunnel			90
Middag		16:30	60
6. Kalkulasjon forts		17:30	
Tunnel			90
Konstruksjoner			60

Det er god kvalitetssikring å syte føre at alle deltakarane har nær kjennskap til realitetane. Om mogleg bør det settast av tid til synfaring. Ved å velje plass for anslagsamlinga i nærleiken er dette ei god investering. Spesielt nyttig for dei eksterne deltakarane.

Programmet for samlinga må settast opp hensiktsmessig i kvart tilfelle. Prosessleiar må vurdere nøye både tidbruken og virkemiddelbruken.

Anslag inneheld ei rekkje verktøy for å sikre ein god oppstart av anslagsamlinga og få deltakarane i gong og opne for å tenkje på usikkerheita. I denne prosessen er Ambisjonsnivå, Kompleksitetsfaktorar, Situasjonskart og Modenhetsvurdering brukt. Interessentanalyse og SWOT er valt vekk i dette tilfellet. Det er sjeldan aktuelt å bruke alle desse verkemidlane i same samling. Det er ikkje naudsynt.

2.3.2 Torsdag

Sted	Maristova		
Dato	29. mars 2012	Tid	08:30 - 17:45

Dagsorden	Ansvarlig	Tid	Varighet
1. Kalkulasjon	Prosessleder	08:30	
Konstruksjoner			45
Andre tiltak			35
Pause			10
Andre tiltak forts			50
Grunnerverv			25
2. Lunsj		11:15	30
3. Kalkulasjon fortsetter		11:45	
Veg i dagen			75
Pause			10
Veg i dagen			60
Byggherrekostnader			80
Matpause		15:30	30
Usikkerhetsfaktorar		16:00	
Gruppering			30
Trippelanslag			75

Sett av tid til å vurdere usikkerhetsfaktorane skikkeleg. Altfor ofte vert tida for knapp på slutten, etter at ein har brukt for mykje tid på kalkyledetaljar.

2.3.3 Fredag

Sted	Maristova		
Dato	29. mars 2012	Tid	08:30 - 11:00

Dagsorden	Ansvarlig	Tid	Varighet
Kalkyleresultat	Prosessleder	08:30	
Evaluering			75
Kuttliste			30
Tiltak			30
Konklusjon			15

2.4 Befaring

Parsellane vart synfart i starten av samlinga og gav eit godt overblikk over prosjektet.

2.5 Målsetting

Anslag-gjennomgangen skal:

- Sikre at forutsetningene som legges til grunn er riktige og realistiske
- Identifisere de mest usikre faktorene og påvirkningene i prosjektet
- Sette tall på usikkerhetene i kostnadsoverslaget
- Finne det realistiske kostnadsnivået med usikkerhet for prosjektet, inkludert alle tiltak
- Identifisere tiltak som kan forbedre kostnadsoverslaget og prosjektet
- Sette opp forslag til en foreløpig kuttliste

2.6 Anslag-deltakere

Navn	Firma	Mobil	Rolle i anslag
Benterud, Bente	SVV vest		Prosessleiar
Datamann, Per	SVV vest		Datastøtte
Eriksen, Erik	SVV vest		Prisgivar
Helgesdottir, Helga	SVV vest		Prisgivar
Hurragegrundt, Hanne	SVV vest		Planressurs
Kartmeister, Turid	SVV vest		Planansvarleg
Oddsens, Odd	SVV vest		Ressursperson
Steinsen, Stein	SVV vest		Prisgivar
Sveinsen, Svein	SVV vest		Prisgivar
Tankefull, Anette	SVV vest		Observatør
Tryggesen, Tryg	SVV aust		Prisgivar

2.7 Referanseprosjekter

E6 Gardermoen - Biri

E16 Seltun - Stuvane

E16 Voldum - Borlaug

E16 Borlaug - Smedalsosen

E39 Torvund Teigen

Rett samansett ressursgruppe er viktig. Bredde i erfaring og kunnskap må til. Gruppa skal ikkje vere for stor. 7-9 personar er nok. Det bør vere minst ein utanfrå som kan utfordre. Ikkje bruk dei same deltakarane kvar gong.

Gode førebuingar og sporbarheit for kostnadstal: Det er viktig at deltakarane på førehand hentar fram erfaringar frå tidlegare, samanliknbare prosjekt av nyare dato. Like viktig er det å oppgje referanseprosjekta for å sikre sporbarheit til kjelda. Årstal for referanseprosjekta bør oppgjevast.

2.8 Underlagsmateriale

Dokumentnavn	Dato	Utarbeidet av	Beskrivelse
Kvalitetskrav landskapsbilete	30.06.2011	Statens vegvesen Region vest	Kvalitetskrav landskapsbilete
Reguleringsplan Oppland gr. - Brusestølen	30.06.2011	Statens vegvesen Region vest	Reguleringsplan Oppland gr. - Brusestølen
Notat Los Angeles resultat bergartsprøver	16.09.2010	Statens vegvesen Region vest	Notat Los Angeles resultat bergartsprøver
Reguleringsplan Nystuen - Sogn grense	29.03.2012	Statens vegvesen Region vest	Reguleringsplan Nystuen - Sogn grense
geoteknisk rapport fylkesgrensa - Nystuen	09.11.2010	Statens vegvesen Region vest	geoteknisk rapport fylkesgrensa - Nystuen
Støyrapport fylkesgrensa - Nystuen	09.02.2011	Statens vegvesen Region vest	Støyrapport fylkesgrensa - Nystuen
Reguleringsplan Varpe bru - Nystuen	15.02.2012	Statens vegvesen Region vest	Reguleringsplan Varpe bru - Nystuen
Notat skredfare vest for tunnel	18.10.2011	Statens vegvesen Region vest	Notat med vurdering av skredfare vest for tunnel
Geologisk rapport for tunnel	25.01.2012	Statens vegvesen Region vest	Geologisk rapport for tunnel
Notat skred og skredfare vestre påhogg	25.08.2011	Statens vegvesen Region vest	Vurdering av skredfare og skredsikring ved vestre påhogg
Seismisk rapport	05.09.2011	Statens vegvesen Region vest	Seismisk rapport
Støyrapport Varpe bru - Nystuen	03.01.2012	Statens vegvesen Region vest	Støyrapport Varpe bru - Nystuen
Geoteknisk rapport Smedalsosen - Oppland grense	20.12.2010	Statens vegvesen Region vest	Geoteknisk rapport Smedalsosen - Oppland grense
Førebels geoteknisk rapport Varpe bru - Nystuen	mars 2012	Statens vegvesen Region vest	Førebels geoteknisk rapport Varpe bru - Nystuen

Eigedomskostnader Varpe bru - Nystuen.xlsx	11.04.2012	Statens vegvesen Region aust	Estimat på eigedomskostnader Varpe bru - Nystuen
--	------------	------------------------------	--

3 Prosjektgjennomgang

3.1 Forutsetninger

- Prisnivå: 2012

MVA: Full MVA 25% innført frå årsskiftet 2012-13 for alle kostnader unntatt grunnverv, eiga løn og reg. adm. kostnader.

- Plannivå: Reguleringsplan

- Nøyaktighetskrav: +/- 10%

- Kalkylemessig plassering og behandling av:

- o Mva - påslag

- o Entreprenørens rigg og drift - påslag

- o Byggeledelse og byggherrens rigg - eigen post

- o Prosjekterings- og undersøkelseskostnader - eigen post

- Byggherre: Staten

- Finansieringsform: post 36

- Utlysning/konkurransform: Enhetsprisentreprise

- Antatt byggestart: seinast juli 2014

- Forventet anleggsperiode: ca. 3 år, opning haust 2017.

- Viktige tekniske forutsetninger: Anleggsarbeid heile året. Arbeidstidsrestriksjoner ved Tyinkrysset. Tar ikkje spesielle omsyn til framkomst / regularitet. Forutsetter to tredjepartar av tunnelmassen går rett i linja, resten via mellomlager/knusing. Riggområde ved bussholdeplass, skianlegg og vest for tunnelen.

- Omsyn til verneområde inngår i einingsprisane for A-elementa.

3.2 Grensesnittbetraktninger

- Ein undergang og to kommunale bruer for skiløyper er ikkje med i våre kostnader.

- Bussholdeplass på Tyinkrysset er ikkje regulert, men skal byggast.

- Alle lokalveggar på planen skal byggast, unntatt tilkomst parkering PP1.

- Framtidig skiløypeaust for Kola bru - byggast ikkje no utan eventuell ekstern finansiering.

- Må ta høgde for nye riggområder og opprydding av riggområder på Borlaug - Smedalsosen.

- Høgspenning i kryss E16.

- Fiberkabel.

- VA-anlegg for Vang kommune er ikkje med.

Ingen tal gjev meining utan at føresetnadane er kjende. Difor er det avgjerande at dei er opplyst klart og tydeleg. Ein skal ikkje "eliminere" usikkerheit ved å definere dei som faste føresetnader.

Mange usikkerheiter handlar om samanhengar og grensesnitt. Ein systematisk gjennomgang av tekniske, økonomiske, planmessige og organisatoriske grensesnitt er nyttig. Nokre grensesnitt kan avklarast tydeleg, andre reiser spørsmål til avklaring.

3.3 Ambisjonsnivå


Ambisjonsfaktor	Nivå
1 - Framkommelighet	Høy
2 - Sikkerhet	Middels
3 - Service	Lav
4 - Miljø	Lav
5 - Teknisk/funksjonell	Middels
6 - Estetikk	Middels
7 - Styringsmessig	Middels

3.4 Kompleksitetsfaktorer

Kompleksitetsfaktor	Vurdering
1 - Topografi	Middels
2 - Fjellboring og -sprengning	Høy
3 - Grunnforhold	Lav
4 - Masseflytting	Høy
5 - Adkomst/tilgjengelighet	Veldig lav
6 - Trafikkavvikling	Middels
7 - Naturgitte forhold	Veldig høy
8 - Interessenter	Middels
9 - Krav til miljø	Høy
10 - Bomiljø, eksisterende bebyggelse og infrastruktur	Lav
11 - Teknisk kompleksitet	Lav

Ambisjonsnivå og Kompleksitetsfaktor er to hjelpemiddel som fungerer som oppvarmingsteknikkar i anslagprosessen. Resultatet brukast til å kalibrere gruppa og er nyttig for vurdering av sluttresultatet av anslag.

3.5 Situasjonsskart



Nytenking: Lite. Enkle konstruksjonar, tradisjonell vegbygging, revegetering i høgjellet.

Kompleksitet: Lav. Mange angrepspunkt, tradisjonelt.

Gjennomføringsintensitet: Høg. Mange angrepspunkt og mykje å følgje opp, avgrensa muligheit i vinterhalvåret, hektisk i sommarhalvåret.

Størrelse: Stor. Godt over gjennomsnittet.

Varighet: Moderat. ca. 3 år.

Marked: Moderat markedspress. Henvender seg til riksentreprenørar/utanlandske entreprenørar.

Organisasjon: Uavklart. Forventar god organisasjon.


Interesser: Lite motstridande interesser. God dialog med berørte partar. Austre plan er ikkje vedtatt.

Mangel på aksept: Låg. Prosjektet har god aksept.

Uklare mål: Låg. Måla er godt avklart i prosjektbestillinga og forankra.

Situasjonsskartet er også eit valfritt hjelpemiddel for å sette ressursgruppa i stand til å gjere ein god jobb. Resultatet er nyttig som referanse for sluttresultatet frå Anslag.

3.6 Modenhetsvurdering



Kartgrunnlag: Scanna og kontrollert og funne OK.

Geotekniske undersøkingar: Bra kartlagt i Sogn, til dels dårleg i Oppland. God nok for reguleringsplan, men ikkje for byggeplan.

Geologiske undersøkingar: Vedr. tunnel: Ytterlegare undersøkingar må utførast og steinkvalitet må avklarast, jmf geologiske rapport. Gunstig at geologisk rapport beskriv mindre omfang av svake bergarter enn frykta. Tyinsida har dei største fyllinga og slik er det kanskje gunstig at dei svake bergaratane er i den enden.

Ytre miljø: Framleis usikkerheit ift drikkevatt i Vang.

Faseplan: Vurdert som godt nok.

Undergrunnsanlegg: VA-anlegg foreligger ikkje digitalt.

Rigg: Uavklart. Dårlig tilgong til riggområde i sårbart område. Let seg løyse.

Politisk bearbeiding: Mangler godkjenning reg.plan Varpe bru - Nystuen.

Grunnerverv: Uavklart. Prosessen har ikkje starta.

Vegnormal: Avkørsle og austleg tunnel på hogg har godkjent fråvik

Modenheit og konsistens i vurderingane:

Vurderingane viser her at to område er for lite grundig bearbeida på det aktuelle stadiet (grunnerverv og rigg/deponier). Dette medfører stor usikkerheit, Når ein er komen til anslagsamling er det for seint å gjere noko med det. Difor anbefalast Tidleg modenheitsvurdering som verktøy for å sikre målretta førebuing i god tid før anslagsamlinga.

Modenheitsvurdering er obligatorisk. Om det kjem opp raude sektorar i modenheitsbildet skal desse problemstillingane kunne identifiserast klart i vurderingane i samlinga. Helst som eigne usikkerheitsfaktorar i anslaget.

3.7 I / Y påvirkninger

Brainstorming	Gruppe
massedisponering	Inkludert
riggplasser	Inkludert
steinkvalitet	Geologi/geoteknikk
vinter	Byggetid
høgfjell	Byggetid
grunnforhold	Geologi/geoteknikk
nye normalar	Nye normalar, forskrifter etc
tilknytning eks. veg	Inkludert
arbeid langs veg	Inkludert
planstatus	Planstatus
vassanlegg Vang	Planstatus
avløpsanlegg Vang	Planstatus
innlekkasjekrav	Inkludert
setningskader hytter	Nabo
rystelsar	Nabo
kolonneoppstilling	Planstatus
fiberkabel	Inkludert
detaljeringsgrad	Uspesifisert (Detaljeringsgrad)
massebalanse	Inkludert
marked	Marked
landskap	Ytre miljø
kongeveg	
kulturminne	Ytre miljø
nærføring elv	Ytre miljø
utsleppsløyve driving	Ytre miljø
friluftinteresse	Nabo
støytiltak	Inkludert
restriksjoner arbeidstid	Byggetid
restriksjoner pga fiske	Ytre miljø
vegstatus Nystuen	Inkludert
drikkevasskjelder	Inkludert
gamal asfalt	Inkludert
bensinstasjon	Ytre miljø
bussholdeplass	Inkludert
naboar	Nabo
hytteeigarar	Nabo
kulturetat	Ytre miljø
brøytelys	Planstatus
brannberedskap	Inkludert
prosjektorganisasjon	Prosjektorganisasjon

Brainstorming	Gruppe
kontraksstrategi	Inkludert
kontraksinndeling	
geologi	Geologi/geoteknikk
utsleppsløyve drift	Ytre miljø
oppstarttidspunkt	Planstatus
byggetid	Byggetid
prosjektavgrensing	Nabo



Resultatet av idédugnad/brainstorming kan verte ei veldig lang rekke moment. Det viktigaste er å dokumentere dei indre- og ytre faktorane som vert vurdert som viktige og tatt omsyn til i prosessen. Om ynskjeleg for dokumentasjonen sin del kan ein notere ned alle. Det er ikkje realistisk eller naudsynt å vurdere alle i prosessen.

3.8 Vurdere usikkerhet


Gruppering	Stikkord/momenter	Eval- ering	Hvorfor ikke	Postkode
Inkludert	massedisponering riggplasser tilknytning eks. veg arbeid langs veg innlekkasjekrav fiberkabel massebalanse støytiltak vegstatus Nystuen drikkevasskjelder gammel asfalt bussholdeplass brannberedskap kontraktsstrategi	0	inkludert under kalkulasjon	-
Geologi/geoteknikk	steinkvalitet grunnforhold geologi	0		U1
Byggetid	vinter høgfjell restriksjoner arbeidstid byggetid	0		U2
Nye normalar, forskrifter etc	nye normalar	0		U3
Planstatus	planstatus vassanlegg Vang avløpsanlegg Vang kolonneoppstilling brøytelys oppstarttidspunkt	0		U4
Nabo	setningskader hytter rystelsar friluftsiinteresse naboar hytteeigarar prosjektavgrensing	0	marginale utslag	-
Uspesifisert (Detaljeringsgrad)	detaljeringsgrad	0		U8
Marked	marked	0		U5
Ytre miljø	landskap kulturminne nærføring elv utsleppsløyve driving restriksjoner pga fiske bensinstasjon kulturetat utsleppsløyve drift	0		U6

Balanse mellom indre/ytre påverknader og kostnadspostar: Dess meir detaljert kalkyle - dess meir av usikkerheita vert rekna vekk. Difor må ein i slike tilfelle balansere detaljane ut ved å ta med mange U-faktorar også. I eit komplekst prosjekt, eit stort anslag, skal det ikkje vere mindre enn 10 -15 U-faktorar.

	kongeveg	0	liten usikkerheit	-
	kontraktsinndeling			
Prosjektorganisasjon	prosjektorganisasjon	0		U7

4 Kalkulasjon

4.1 Kalkylestruktur



For mange og detaljerte postar
gjer ikkje anslaget betre. Dette
eksempelet viser moderat
oppdeling og detaljeringsgrad.
Det er bra.

4.2 Kalkyletabell

Post	Navn	Type	Alle beløp er i 1000 kr.			Forv. kost	Std. avvik
			Lav	Sannsynlig	Høy		
A	Veg i dagen	Sum				387 391	57 486
A1	Smedalsosen - Oppland grense	Enh.pris	14	18	21	113 949	17 703
		m	6 510	6 520	6 530		
A2	Sogn grense - Nystuen	Enh.pris	13	16	19	55 376	8 104
		m	3 470	3 480	3 500		
A3	Tyinkrysset - Varpe bru	Enh.pris	18	23	30	84 773	16 830
		m	3 570	3 580	3 590		
A4	Rigg veg	Påsl.(%)	15,00	23,00	29,00	55 815	18 415
A5	MVA veg	Påsl.(%)	25,00	25,00	25,00	77 478	11 497
B	Konstruksjoner	Sum				68 061	9 667
B1	Bruer	RS	14 000	17 100	23 000	18 283	3 568
B2	Kulvertar	RS	3 000	4 000	5 000	3 992	785
B3	Murer	Enh.pris	3,2	4,6	5,2	13 791	3 444
		m ²	2 700	3 000	4 000		
B4	Portalar	Enh.pris	150	170	200	6 967	1 569
		m	30,00	40,00	50,00		
B5	Skibru	RS	0	0	4 000	1 636	1 740
B6	Rigg konstruksjonar	Påsl.(%)	15,00	23,00	29,00	9 779	3 890
B7	MVA Konstruksjoner	Påsl.(%)	25,00	25,00	25,00	13 612	1 933
C	"Filefjelltunnelen"	Sum				671 504	94 014
C1	Driving	Enh.pris	18	21	25	122 054	15 720
		m	5 675	5 705	5 715		
C2	Stabilitetssikring					101 778	18 552
C2.1	Injisering	Enh.pris	6,0	15	40	6 556	7 148
		m	50,00	200,00	600,00		
C2.2	Bolting	Enh.pris	0,450	0,543	0,720	23 408	6 148
		stk	31 000	40 000	50 000		
C2.3	Sprutbetong	Enh.pris	2,9	3,8	4,8	65 592	15 482
		m ³	14 250	17 115	20 000		
C2.4	Sikringsbogar	Enh.pris	22	31	55	1 901	1 338
		stk	20,00	30,00	90,00		
C2.5	Utstøyping	Enh.pris	65	76	95	4 322	2 875
		m	10,00	60,00	100,00		
C3	Vass- og frostsikring	Enh.pris	15	19	26	80 987	25 289
		m	2 850	4 000	5 150		
C4	Elektro	Enh.pris	10	13	16	74 559	13 409
		m	5 705	5 735	5 745		
C5	Drens- og vegbane	Enh.pris	8,0	11	13	59 741	10 954

Post	Navn	Type	Alle beløp er i 1000 kr.			Forv. kost	Std. avvik
			Lav	Sannsynlig	Høy		
		m	5 675	5 705	5 715		
C6	Rigg tunnel	Påsl.(%)	15,00	23,00	30,00	98 084	59 173
C7	MVA tunnel	Påsl.(%)	25,00	25,00	25,00	134 301	18 803
E	Andre tiltak	Sum				62 242	16 605
E1	Støytiltak	RS	4 000	5 500	7 000	5 511	1 171
E2	Riving av hus	RS	1 500	1 900	2 500	1 983	394
E3	Servicetiltak	RS	9 500	11 500	15 500	12 347	2 402
E4	Tiltak på eksisterende veg	RS	3 000	5 000	8 000	5 415	1 975
E5	Opprydding av mellomlager utanfor planområdet	RS	2 500	5 000	8 000	5 220	2 122
E6	Masseoverskot	Enh.pris	0	0,040	0,080	9 114	9 805
		m ³	50 000	300 000	400 000		
E7	Tilskot brannberedskap Vang kommune	RS	600	1 000	2 000	1 250	563
E8	Rigg andre tiltak	Påsl.(%)	15,00	23,00	29,00	8 953	3 776
E9	MVA andre tiltak	Påsl.(%)	25,00	25,00	25,00	12 448	3 321
P	Byggherrekostnader	Sum				114 202	10 088
P1	Prosjektering	RS	25 000	30 000	35 000	30 021	3 881
P2	Prosjekt-/byggeleiing	RS	40 000	45 000	55 000	47 055	5 943
P3	MVA av Byggherrekostnader	Påsl.(%)	25,00	25,00	25,00	19 269	1 772
P4	Adm.kostnad	Påsl.(%)	1,000	1,500	2,000	17 857	4 934
Q	Grunnerverv	Sum				24 975	3 863
Q1	Eigedomstileiing	RS	20 000	25 000	30 000	24 975	3 863
U	Usikkerhetsfaktorer	Sum				113 931	130 331
U1	Geologi/geoteknikk	Faktor	0,980	1,000	1,040	6 710	20 030
U2	Byggetid	Faktor	0,980	1,000	1,030	5 201	24 865
U3	Nye normalar, forskrifter etc	Faktor	1,000	1,000	1,010	4 995	5 416
U4	Planstatus	Faktor	0,930	1,000	1,025	-13 637	49 926
U5	Marked	Faktor	0,950	1,020	1,120	43 609	88 692
U6	Ytre miljø	Faktor	0,980	1,000	1,020	154	20 750
U7	Prosjektorganisasjon	Faktor	0,930	1,000	1,070	720	66 260
U8	Uspesifisert (Detaljeringsgrad)	Faktor	1,030	1,050	1,070	66 180	21 629
	Totalsum:					1 442 306	181 349

5 Resultat

Krav til nøyaktighet er uttrykk for at ein skal jobbe tilstrekkeleg grundig med anslaget i forhold til det aktuelle punktet i utviklinga.

5.1 Kalkyleresultat

Overslag			
Prisnivå		2012	
Krav til nøyaktighet		10,0	%
P50 kostnad		1 435,42	mill. kr.
Forventet kostnad		1 442,31	mill. kr.
Standardavvik		181,35	mill. kr.
Relativt standardavvik		12,6	%
Det er 61 % sannsynlighet for at kostnadsoverslaget er innenfor			
Nedre verdi		1 291,88	mill. kr.
Øvre verdi		1 578,96	mill. kr.

